



## Notat

Dato: 01.10.2014  
Arkivsak: 2014/18360-4  
Saksbehandlar: josaksd

---

**Til:** Kjetil Sigvaldsen

---

**Frå:** Jostein Aksdal

---

### **Kulturminnefagleg fråsegn til høyring av konsesjon for overføring frå Svartavatn til Torfinnsvatn / Hodnaberg kraftverk Voss kommune**

Ut i frå våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i områda tiltaka er tenkt gjennomført.

Med omsyn til nyare tids kulturminne gjer me merksam på at dette er eit eldre arkiv som i si tid ikkje vart ferdigregistrert. Ofte kan det difor finnast bygningar eller ruinar som ikkje er med i Sefrak.

Fjellområda mellom Voss og Kvam har vore viktige areal for erverv i førhistorisk tid. Dette gjev at fjellområda kan ha spor som kjem inn under lov om kulturminne. Tiltaket det er søkt om er då tunnell mellom Svartavatn og Hodnaberg og sperredam ved Svartavatn, desse tiltaka er i seg sjølv små, men får konsekvensar.

Vatna er alt regulerte, med ny dam i Svartavatn vil vasstanden auka, ut i frå fotodokumentasjon i saka synest området likevel å ha lite potensial for automatisk freda kulturminne. Her er ikkje registrert nyare tids kulturminne. Tunnellen mellom Svartavatn og Torfinnsvatnet har to alternativ, ingen av desse vil vera eksponert i landskapet. Arealet dei bandlegg synest heller ikkje ha potensial for konflikt med automatisk freda kulturminne.

Alternativ 1 er tenkt å kome ut inst i søre ende av Torfinnsvatn med omsyn til stølshusa i sørenden av Torfinnsvatn, stølen til gnr 234 Nedsthus, Voss kommune vil alternativ 1 kunne verka meir negativt inn på nyare tids kulturmiljø enn alternativ 2.

Alternativ 2 er tenkt å koma ut lenger mot nord, her er det fjell i dagen og ingen kjende konflikhtar.

Me rår difor til alternativ 2 vert vald.

Jostein Aksdal

